



Tysnes
kommune

Forskrift om meldeplikt ved hogst i Tysnes kommune

Vedtatt av kommunestyret i Tysnes kommune xx.xx.2025 med heimel i lov 27. mai 2005 nr.31 om skogbruk (skogbrukslova) § 11.

|

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å leggje til rette for eit berekraftig og langsiktig skogbruk som tek omsyn til både skogeigarane sine interesser og samfunnsverdiane knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne. Gjennom krav om melding skal forskrifta medverke til at hogst vert følgd opp med nødvendige foryngingstiltak, og at både hogsttidspunkt og hogstform fremjar vellykka forynging.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for all hogst i produktiv skog i Tysnes kommune.

Meldeplikt gjeld når eitt eller fleire av følgjande kriterium er oppfylte:

- a) hogstarealet er større enn 10 dekar
- b) det samla hogstvolumet overstig 200 kubikkmeter
- c) hogsten er planlagd i område som, ifølgje NVE sitt aktsomheitskart, er vurdert som av betydning for skredfare – uavhengig av areal og volum

§ 3. Meldeplikt

Hogst som fell inn under § 2 skal meldast til kommunen seinast 3 veker før oppstart. Meldinga skal innehalde:

- dato for oppstart av hogst
- omfang og plassering av hogstarealet
- vald hogstform
- alder på skogen og hovudtreslag
- opplysningar om eventuelle miljøomsyn
- plan for forynging
- kart i filformat som er kompatibelt med GIS-system (til dømes shapefil eller geopackage).

Dersom kommunen ikkje har gitt svar innan 3 veker frå den dagen meldinga vart motteken, kan hogsten gjennomførast i tråd med rammene i skogbrukslova. Dersom kommunen treng meir tid for å vurdere tiltaket, kan fristen forlengast med inntil 14 dagar. Samtykke gjeld i 10 år.

§ 4. Klage

Vedtak fatta av kommunen etter denne forskrifta kan påklagast til Statsforvaltaren, jf. skogbrukslova § 21.

§ 5. Brot på forskrifta

Den som forsettleg eller uaktsamt bryt eller medverkar til vesentleg brot på føresegner i denne forskrifta, kan straffast med bøter, så lenge forholdet ikkje fell inn under strengare straffebestemmelser, jf. skogbrukslova § 22.

||

Forskrift trer i kraft XX.VV.2025.